

VEDTEKTER



GRANVIN HERAD
Sist endra 11.06.2018

Vedtekter Tueteigen barnehage

Eigartilhøve / administrasjon

Granvin herad er eigar og står for drifta av Tueteigen barnehage. Styrar er einingsleiar for barnehagen og direkte underlagt rådmannen. Politisk ligg barnehagen under heradsstyret.

Lovverk

Barnehagen skal drivast i samsvar med "Lov om barnehagar", og gjeldande føresegner og retningsliner fastsette av departementet, dessutan kommunale vedtak og planar for barnehagen. Rammeplan for barnehagar er grunnlag for planarbeidet i barnehagen.

Føremål

Sjå barnehagelova paragraf 1

Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar, litteratur og dokument som barnehagen sender ut.

Samarbeidsutval og foreldreråd

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd. Alle foreldre / føresette er medlemmer i foreldrerådet. Samarbeidsutvalet skal ha fylgjande samansetjing: 2 representantar for foreldra, 2 representantar frå personalet og barnehagestyrar, som og fungerer som sekretær for samarbeidsutvalet. Det skal og veljast vararepresentantar for samarbeidsutvalet; 1 representant frå foreldra og 1 frå personalet.

Søknad

Ved søknad om barnehageplass skal det nyttast fastlagde skjema, vedlagt naudsynte attestasjonar. Hovudopptak skjer etter kunngjering i lokalpressa og på Granvin herad sine heimesider, og gjeld til barnehageplassen vert sagt opp eller ved overgang til skulen. Det er og høve til å søkje om plass elles i året.

Barnehagetilbodet

Tueteigen barnehage gjev tilbod om 5, 4 og 3 d/v for born i alderen 1- 6 år. Kva tilbod barnehagen skal ha vert vurdert administrativt i førekant av opptak for nytt barnehageår for å kunna imøtekoma brukarane i størst mogleg grad.

Borna skal som hovudregel vera fylt 1 år innan dei byrjar. Ved ledige plassar kan born frå 10 månader få tilbod om plass.

Opningstida i barnehagen er frå kl. 07:00 – 16.30

Den maksimale opphaldstida for barnet i barnehagen er 9 timar per dag.

Barnehageåret vert rekna frå 15. august til og med 14. august. Tilsetjing av personale (ny tilsetjing eller vikariat) er frå 1. august til 31. juli. For barnetal, avdelingar og bemanning syner ein til vedteken verksemdsplan.

Norm for pedagogisk bemanning

Jf. barnehagelova § 1, 1.8.18 skal det vera minimum éin pedagogisk leiar per 14 born når borna er over 3 år og éin pedagogisk leiar per 7 born når borna er under tre år.

Ved utrekning av kravet for bemanning i denne forskrifta er tilhøvet slik at eitt barn under tre år tilsvarar to born over tre år.

Opptak

Hovudopptaket vert gjort administrativt i april/mai. Søknadsfristen vert kunngjort i lokalpressa og på heradet sine heimesider.

Mogelege klager på opptaket vert avgjorte av heradsstyret. Ankefristen er 3 veker, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Dei som får tildelt ein "heil plass" ved opptak, kan ikkje sei opp delar av tilbodet. Dei må då søkje på nytt på det tilbodet dei har behov for. Det skal setjast av 2 ankeklassar.

Opptaksreglar:

1. Alle søkjarar frå Granvin herad og Djonno skulekrins, som søker innan fristen, får plass ved hovudopptak.
2. Er det born i familiar med spesielle behov, kan det søkjast prioritert plass. Det må då fylgja med dokumentasjon frå fagpersonell innan helse og/eller sosial.

Opptak utanom hovudopptak

Styrar føretek opptak utanom hovudopptak i samråd med pedagogisk leiar på avdelinga der det er ledig plass.

Kriseklass: I høve der einingsleiar for helse/sosial vurderer at det er trong for det t.d. krise i ein familie, kan det tildelast plass i barnehagen for eit avgrensa tidsrom.

Leike- og opphaldsareal

Netto leike- og opphaldsareal er fastsett av Granvin herad jf. Departementet si rettleiande norm. For born over 3 år skal arealet inne vera minimum 4,0 m² pr. barn, og for born under 3 år 5,33 m² per barn. Leike- og opphaldsarealet ute skal minst vera seks gonger så stort.

Foreldrebetaling

Heradsstyret gjer vedtak om betalingssatsar.

Foreldre betalar for 11 månader. Juli månad er betalingsfri.

Moderasjonsordningar/foreldrebetaling

Foreldre med barn i barnehagen skal ikkje betala meir enn maksprisen for ein barnehageplass. Det er to moderasjonsordningar for dei med lav inntekt:

- Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga
Familien/hushaldet skal ikkje betala meir enn 6 % av den samla inntekta for ein barnehageplass.
- Gratis kjernetid for 3, 4 og 5 åringar
3, 4 og 5 åringar og barn med utsett skulestart, som bur i hushald med lav inntekt har rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke..
- Syskenmoderasjon

Syskenmoderasjon per 1.1.16 er 30 % for barn 2 og 50 % for barn 3 og oppover. Den av syskena som har den lengste opphaldstida pr. veke, betalar fullt.

Nærare opplysningar om den nasjonale moderasjonsordninga og søknadsskjema får ein ved å ta kontakt med styrar i barnehagen eller tenestetorget.

Oppseiing av plass

Dersom ein ynskjer å seie opp barnehageplassen, må dette skje skriftleg til barnehagestyrar. Oppseiingsfrist er ein månad og gjeld frå I. eller 15. i månaden.

Tap av plass

Etter vedtak i klientutvalet kan barn miste plass i barnehagen dersom:

1. Den/dei føresette ikkje betalar for plassen (dei siste 6 månadane).
2. Barnet er særleg mykje borte utan særskild grunn.

Foreldra/føresette skal ha munnleg melding frå økonomisjef eller barnehagestyrar i første omgang og skriftleg åtvaring før klientutvalet fattar vedtak om tap av plass.

Feriar / planleggings dagar

Barnehagen er open på vanlege yrkedagar, bortsett frå jole- og nyttårsaftan, 6 planleggings dagar for personalet og inntil tre veker i juli.

Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Dersom det er færre enn 6 born som har bruk for plass mellom jol og nyttår og dagane før skjærtorsdag held barnehagen stengt.

Borna skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret og 3 av vekene skal vera samanhengande om sommaren, og helst før nytt barnehageår byrjar. Den siste ferieveka treng ikkje vera samanhengande. Den kan takast ut i samband med planleggingsdagane.

Dersom det skulle syne seg at det er færre enn 6 born i nokon av vekene om sommaren vil barnehagen vurderer å halda stengt

Personalet fordeler feriane slik at ein til ei kvar tid har ei forsvarleg drift.

Teieplikt

Medlemmer i samarbeidsutvalet, opptaksnemnda og barnehagepersonalet har teieplikt i samsvar med Lov om offentleg forvaltning.

Internkontroll

Barnehagen skal ha eiga internkontrollhandbok plassert på styrarkontoret. Denne skal dokumentera kva system barnehagen har for intern kontroll.

Det er barnehageeigar som fastset barnehagen sine vedtekter og som har mynde til å endre vedtektene, jf. barnehagelova §7 fjerde ledd. Barnehageeigar skal syta for at viktige saker vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet, jf. barnehagelova § 4 fjerde ledd.

Vedtektene vart vedtekne i Granvin heradsstyre for fyrste gong 25.01.96, med endring av punkt 1 i opptaksreglane i heradsstyremøte 31.10.96 sak 54/96 og endringar, mellom anna opningstid. I heradsstyremøte 24.02.00, sak 007/00 og endringar tilpassa ny organisering, i heradsstyremøte 25.4.02, sak 014/02, og sak 014/03 27.03.03. I heradsstyremøte 13/6-07, sak 038/07 vart det gjort endringar angående opptaksnemnd og opningstider. Den 09.09.09 vart det i samråd med samarbeidsutvalet gjort endringar administrativt om barnehagetilbodet og norm for pedagogisk bemanning. Som fylgje av tilsyn 19.10.10 vart det gjort endringar i vedtektene på fem punkt: Lovverk, samarbeidsutval og foreldreråd, opptak, leike- og opphaldsareal og ferie/planleggingsdagar. I heradsstyre 23.03.11, sak 11/30, vart det vedteke nytt punkt; moderasjonsordningar/foreldrebetaling. I heradsstyret 9.4.14 vart det vedteke endring om ferie. I heradsstyret 11.11.15, vart det vedteke innføring av 6. planleggingsdag og vedtektene vart ajourført med ny nasjonal ordning om moderasjonsordningar/foreldrebetaling. Jf bhg.lova §1, vart det, 4.6.18 gjort endringar om Norm for pedagogisk bemanning. (trer i kraft 1.8.18) og Jf. §3 forskrift om foreldrebetaling- gratis kjernetid.